

## Skaresongen

Tekst: Erling Lundal Melodi: Å Vestland, vestland

Å fagre Skare du er bygda vår  
som leikar i vår hug kvar enn me går.

Du er vår heim , her vil me høyra til.

Av heile hjarta me deg fagna vil.

Du ligg så lunt imellom høge fjell  
Med hus og heim, på voll, i bakkehell.

Der bjørk og furu veks i bratte li,  
Og haren hoppar rundt så glad og fri.

Her ser me høge Tveitanut i aust.  
I vest ris øktarnut så stø og traust.

I sør me Middagsnut og Nonsnut ser.  
Dei alle står som vakt om bygda her.

Her våre fedrar rudde seg ein gard,  
Og son tok over etter gamle far.

Her levde dei i glede, sorg og sut,  
den fagre jenta og den spreke gut.

Me vil og rydja,byggja her og bu,  
Mot Skarebygda skal me vera tru.

Med vyrdsla vil vår jord med plog og harv,

Og verna om vår kjære fedrearv.

## Blåmann

Tekst: Aa.O.Vinje Melodi Anne Haavie

Blåmann, Blåmann bukken min,  
Tenk på vesle guten din!  
Bjørnen med sin lodne fell,  
Kan deg taka seint i kveld.

Gamle Lykle, moder di  
Seint kom heim med bjølla si.  
Så ikring seg ho mund sjå,  
Liksom der var fare på.

Det såg ut som der var naud,  
Kanskje no du ligger daud.  
Tidt du dansa kringom meg,  
Mangt eg rødde då med deg.

Når eg låg som blind og dauv,  
Grov du på meg med di klauv.  
Ja, du ville vekkja meg,  
Opp til leiken din med deg.

Du var sprek og glad og god,  
All mi ros du vel forstod.  
Tidt du veit eg sa til deg,  
"Han veit meir enn mata seg".

Blåmann, Blåmann, svar meg no,  
Mekra med ditt kjende ljod.  
Ikkje enno Blåmann min,  
Må du døy frå guten din.

## Jeg snører min sekk

Tekst: Margrethe Munthe Melodi: Mads Berg

Jeg snører min sekk,  
jeg spenner mine ski,  
nå lyser det så fagert i heien.  
Fra ovnskroken vekk!  
Så glad og så fri  
Mot store, hvite skogen tar jeg veien.

I fykende fei,  
Jeg baner meg en vei  
Blant vinterkleddes stubber og steiner  
Den susende vind,  
meg stryker om kinn  
Og snøen drysser ned fra lave greiner.

De vinger på fot  
Gir liv og lyst og mot!  
Nå stevner jeg mot høyeste tinden!  
Alt tungt , og alt trått  
Alt smålig og grått  
Det stryker og det fyker vekk med vinden.

Og når jeg ser opp,  
Og skuer jeg fra topp  
Den lyse dal med skoglier blandet,  
Da banker mitt bryst,  
Jeg jubler med lyst,  
Jeg elsker,å, jeg elsker dette landet.

## Jeg liker dine store

### ører

Tekst og melodi: Bjarte Leithaug

Jeg har hørt det synges mange fine sanger.

Om flotte fester, store karneval.

Denne sangen ber deg pent: "Ta masken av",

for jeg vil gjerne se deg slik du er

**refr.**

*Jeg liker dine store ører, og nesen din har nydelig profil.*

*Jeg liker dine mange tusen fregner*

*og jeg elsker ditt gode smil.*

Kan du ikke like det du ser i speilet?

Lar du andre få forandre den du er?

Nei, riv deg løs og la parykken seile,

For jeg vil gjerne se deg slik du er.

**Refr.**

Ikke bry deg når de erter og er mot deg.

Ingen andre her på jorda er som du.

Du trenger ikke skjule deg bak masken din,

For jeg vil gjerne se deg slik du er.

**Refr.**

## No snøen legg seg!

Melodi: Hu hei kor er det vel friskt og lett

No snøen legg seg så kvit og lett "borti bakken"

Og haug og hole og alt vert slett "borti bakken"

Å hei, kvar er du, du friske gut?

Og vesle jente, kom berre ut.

"kom i bakken"

Kvi sit du inne i stova no?

"kom i bakken"

Sjå snøen glitrar så rein og god "borti bakken"

Du gløymer sorg, og du gløymer sut,

Du vesle jente, du vesle gut.

"kom i bakken"

Å hei og hopp, kom med skia di "kom i bakken"

Så lett ho ut over stupet glid

"borti bakken"

Og når så stundom for stridt det gjeng,

I snøen finn du so mjuk ei seng

"borti bakken"

Du renn i kapp med den friske vind

"borti bakken"

Du herdest både i kropp og sinn

"borti bakken"

Du kjenner blodet i årom renn.

Og motet aukar, og hugen brenn

"borti bakken"

## Kveldssong for deg og

### meg

Tekst odd Nordstoga Melodi: Ragnar Hovland

Grisen står og hylar

I den stille kveld.

Den skal ikkje slaktast

Men hylar likevel.

Fir`og tjue kråker

Sit på ei madrass

Endå ei vil sitje

Men det er ikkje plass.

Og månen står og lyser

Rund og feit og kvit.

Og reven kjem frå skogen

Og luskar hit og dit.

Fiskane i havet,

Søv og drøymer søtt.

Nøkken nedi tjernet

Har eg aldri møtt.

Mor og far har lagt seg

Eg er vaken, eg

No klatrar eg ut glaset

Så spring eg bort til deg.

Og mens grisen står og hylar

Og månen lyser kvit.

Sit du og eg på taket

Og ler og pratar skit.